



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 30.01.2024 kl. 17:30-19:30

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Tommy Erdal	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem

Forfall:

Synnøve Melvær	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Andre møtande:

Sabina Baylarbayova	Kantor
Knut Magne Nesse	Prost

(Desse deltok under kyrkjefagsamtalane i M-sak 2024/02)

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2024/1		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2024/2		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 12.12.2023	RUNE ZIENER
SR 2024/3		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2024/4		Budsjett 2024	RUNE ZIENER
SR 2024/5		Val av trusopplæringsutval	RUNE ZIENER

Askvoll, 30.01.2024

Rune Ziener
referent

SR 2024/1 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SR 2024/2 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 12.12.2023

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.12.2023.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.12.2023.

SR 2024/3 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2024/01 Orienteringssak unnateke offentlegheit

M 2024/02 Kyrkjestrategisk drøfting med prosten i Sunnfjord

M 2024/03 Styremøte og ope møte om Stongfjorden kapell 1. februar 2024

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering,

FR 2024/4 Budsjett 2024

UTGREIING

Del 1: **INVESTERINGSBUDSJETT**

I kommunestyret i desember 2023 er vedteke kommunalt investeringstilskot til soknet på kr 470.000,- fordelt på to prosjekt:

- kr 200.000,- til parkeringsplass ved Vilnes kyrkje
- kr 270.000,- til handicaptilkomst til Holmedal kyrkje

Ut over kommunalt tilskot til investeringar er lagt inn kr 15.500,- til pliktig eigenkapitalinnskot til KLP finansiert over ordinær drift.

1.1 PARKERING VILNES

Prosjektet er ein gjengangar i soknet sine investeringsplanar i mange år. Gjennom 2023 har det vore føreteke samtalar med kommunen og grunneigarar for nye moglege areal, då utviding rundt eksisterande parkeringsareal synest vanskeleg å realisere mellom anna pga. verneinteresser ift. gjeldande kulturminnelovgivning.

Kyrkjeverja bør halde fram dette samarbeidet for å få på plass ei tilfredsstillande løysing for nye parkeringsplassar ved Vilnes kyrkje, gjerne i samarbeid med Askvoll kommune.

Busjettmessig bør ein kunne legge inn utgifter i prosjektet kun til bygg- og anleggsarbeider: Kr 200.000,- finansiert med kommunalt investeringstilskot.

1.2 HANDICAPTILKOMST HOLMEDAL

I samband med opprustinga av Holmedal kyrkje som gjekk føre seg i 2023 vart det gitt opsjon til entreprenøren Froan AS som har stått for resterande rehabiliteringsarbeid på kyrkjebygget.

Det er utarbeidd skissering for ny handicaptilkomst i samband med Riksantikvaren, men det ligg førebels ikkje føre godkjenning for tilrådd løysing.

Riksantikvaren orienterte kyrkjeverja og biskop i e-post av 10. juli 2023 at saka ikkje er ferdig handsama, men at dei ville komme tilbake til dette over sommarferien.

Det er gitt opsjonspris på oppføring av rampe på kr 255.000,- (februar 2023). I budsjettforslaget er det lagt inn opsjonspris med tillegg av kr 15.000,- for konsulentutgifter og uføresett.

1.3 EIGENKAPITALTILSKOT KLP

Eigenkapitalinnskot til KLP er pliktig over investeringsbudsjettet, så lenge soknet tek del i denne pensjonsordninga.

Det er lagt inn investeringsutgift på kr 15.000,- for 2024 finansiert med ordinære driftsmidlar.

Forslag til investeringsbudsjett 2024:

Prosjekt 1005 parkering Vilnes		
Vedlikehald av bygg og anlegg	42300.200.04200.000	200000
Tilskot frå kommunen	48300.200.04200.000	-200000
<i>SUM</i>		0
Prosjekt 1013 Rehabilitering Holmedal kyrkje		
Vedlikehald av bygg og anlegg	42300.200.04200.000	260000
Konsulentutgifter	42700.200.04200.000	10000
Tilskot frå kommunen	48300.200.04200.000	-270000
<i>SUM</i>		0

Prosjekt 7000		
Utlån, kjøp av aksjar og partsandelar	45200.200.08900.000	15500
Overført frå driftsrekneskapen	49700.200.08900.000	-15500
<i>SUM</i>		0

DEL 2: DRIFTSBUDSJETT**2.1 FORVALTNINGSDELEN (04100-04300 og 08900)****2.1.1 INNTEKTER****2.1.1.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter**

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornying.

Festeavgift

Det er registrert ca. 200 festeutløp i 2023, med tilbod om fornying i 2024. Dette er marginalt lågare enn talet for 2022, der det var om lag 10 fleire utløp.

Stipulatet for inntekt for festeavgift i 2024 sett til kr 270.000,- altså godt over budsjettet for 2023, der inntekt låg betydeleg høgre enn budsjettet.

Betaling for kyrkjelege tenester

Med verknad frå 2021 har ein innført nokre nye betalingstenester knytt til kyrkjelege tenester.

I budsjettet er lagt inn ein inntekt på kr 15.000,- her for preludering/kantor si øving med solist.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, som sjeldan har forekomme siste åra, stipulert til kr 4.000,-.

Vidare er det stipulert kr 4.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Frå 2022 har ein også hatt utleige av kontor til korleing etter avtale med Atløykoret. Her er sett kr 42.000,- i inntekt for dette.

Total eigeninntekt er sett til kr 335.000,-.

2.1.1.2 Refusjonar/overføringar

Her er berre lagt inn refusjonsinntekter for kompensert meirverdiavgift, kr 240.000,-.

2.1.1.3 Rammeoverføring/tilskot frå egen kommune

I samsvar med kommunestyrevedtak i desember er lagt inn kommunal rammeløyving kr 3.936.000,- samt restløyving frå Askvollheimen til musikkdiakonalt prosjekt, kr 5.000,-.

Totalt kr 3.941.000,- i overføringar frå kommunen/kommunale institusjonar.

2.1.1.4 Andre tilskot, gåver, innsamla midlar

Her er lagt inn kr 15.000,- i kyrkjeofringar til kyrkjer/kyrkjeinventar og liknande, som vert sett av til bunde fond.

2.1.1.5 Renteinntekter

Kr 1.000,- lagt inn.

2.1.1.6 Bruk av bundne fond

Her er lagt inn kr 75.000,- av bruk av bunde fond til å finansiere utgifter til musikkdiakonalt prosjekt (oppsparte midlar etter tilskot frå Bjørgvin bispedømme til prosjektet).

2.1.2 UTGIFTER

2.1.2.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til noko redusert bemanningsnivå frå 2023 grunna tilskotsreduksjonar.. Ingen faste stillingsprosentarar vert berørte, men ein legg til grunn ny makstid for reinhald i kyrkjer og på kyrkjekontoret.

Innsparing for dette ligg på omkring kr 74.000,- i regulativlønn årleg, eller om lag 100.000,- pr år inklusiv sosiale utgifter.

I tillegg er det forutsett at ein held fram med samme plenvedlikehaldsnivå som i 2023 på gravplassane Vilnes, Bulandet og Værlandet med hhv. 20%, 10% og 10% stillingsdel gjennom vekstsesonen.

Samla budsjettert utgift til lønn og sosiale utgifter for 2023 er kr 3.059.000,-. Omtrent som justert budsjett 2023. Her er lagt inn 4,9% lønnsvekst i 2024 ihht. prognosar, og det er brukt 17,79% sats i arbeidsgivarandelen til KLP.

2.1.2.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjør i forslaget kr 1.138.000,- som er opp kr 88.000,- samanlikna med økonomiplanvedtaket.

VU-plan (Vedlikehalds- og utviklingsplan) 2024

Det er føreslege brukt kr 79.500,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan i 2024.

Det er føreslege at ein held fram med leige av robotklypparar til Askvoll kyrkjegard, der ein har hatt robotklypparar gåande ei tid..

Vidare er det lagt inn kjøp av ny hev-/senk-pult på kyrkjekontoret mtp. førebygging av fysiologiske skadar for dei tilsette som arbeidar på kontoret.

Det har i fleire år vore vedteke som eit framtidsmål at ein i soknet får eit tilfredsstillande HMT-system opp å gå, og at ein kan imøtekomme gjeldande lovkrav. Dette har vore vanskeleg å realisere, grunna tidspress og manglande kompetanse i kyrkjeadministrasjonen. Ein kan outsource dette til ekstern tilbydar, noko som både fører til kvalitetssikring i HMT-arbeidet og frigjering av tidsbruk i kyrkjeadministrasjonen. Med gjeldande tilbod får ein også ei bedriftshelseteneste for dei tilsette, og redusert sjukefråvær/sjukefråværskostnad er eit mål for tilbydar.

Uforutsett vedlikehald er lagt inn med ein minimumssum gitt øvrige økonomiske føresetnader for soknet med kr 16.000,-. Dette er ein for låg sum gitt tidlegare erfaringstal. Ein må komme tilbake til eventuelle budsjettjusteringar for å få til ei styrking her

VU-plan 2024	
Kontormøblar	8 500
Uføresett vedlikehald	16 000
HMS/Bedriftshelse	29 000
Leige robotklypparar	26 000
SUM	79 500

2.1.2.3 Refusjonar/overføringar

Her er ført utgåande MVA kr 240.000,-.

2.1.2.4 Tilskot og gåver

Her er lagt inn kr 60.000,- i utgift ihht. avtalar for leige av bedehuskapella, Bulandet, Stongfjorden og Værelandet.

2.1.2.5 Avsett til bunde fond

Avsett kr 15.000,- etter særskilte offerformål til kyrkjebygg/inventar.

2.1.2.6 Overført til investeringsrekneskapan

Kr 15.500,- overført til investeringsrekneskapan for pliktig eigenkapitalinnskott til KLP.

BUDSJETTSKJEMA (04100-04300, 08900)**Budsjettskjema vedlegg 1A -Drift**

	Økonomiske oversikter	2024
	Budsjettskjema -Drift	Budsjett
	Inntekter	
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	335 000
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom	0
700-789	Refusjoner/overføringer	240 000
790	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0
800-829	Statlige tilskudd	0
805	Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	0
830-839	Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	3 941 000
840-859	Tilskudd fra sokn og organ for sokn	0
860-879	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	15 000
	Sum driftsinntekter	4 531 000
	Utgifter	
010-099	Lønn og sosiale utgifter	3 059 000
100-299	Kjøp av varer og tjenester	1 217 500
300-389+429	Refusjoner/overføringer	240 000
390	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0
400-479 ekskl 429	Tilskudd og gaver	60 000
	Sum driftsutgifter:	4 576 500
	Brutto driftsresultat:	-45 500
900-909	Renteinntekter og utbytte	1 000
920-929	Mottatte avdrag på utlån	0
500-509	Renteutgifter og låneomkostn.	0
510-519	Avdrag på lån	0
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0
	Netto finansinntekter/-utgifter	1 000
590	Avskrivninger	0
990	Motpost avskrivninger	0
	Netto driftsresultat	-44 500

	Interne finansieringstransaksjoner:	
930	Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	0
940-949	Bruk av disposisjonsfond	0
950-959	Bruk av bundne fond	75 000
	Sum bruk av avsetninger	75 000
530	Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0
540-549	Avsatt til disposisjonsfond	0
550-559	Avsatt til bundne fond	15 000
570	Overført til investeringsregnskapet	15 500
	Sum avsetninger	30 500
	REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK	0

2.2 ANNA KYRKJELYDSARBEID (04400-04479)

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar. Hovudkapittelet er budsjettert i balanse.

2.2.1 Generelt kyrkjelydsarbeid

Hovuddelen av inntektene i denne deltenesta er kyrkjeofringar til andre og innsamla til Kirkens Nødhjelp sin fasteksjon. Det er lagt inn kr 120.000,- i forslaget som innsamla og overført andre.

Ofringar og gåver til eige arbeid er samla lagt inn med kr 30.000,- som finansierer ulike kyrkjelydstiltak, materiell, kyrkjekaffi, kyrkjemusikalsk arbeid, etc.

Kyrkjejubileum Vilnes 350 år

I tillegg til dette ordinære kyrkjelydsarbeidet er kyrkjejubiléet lagt inn som eit eige prosjekt i 2024. Jubileumskomiteén legg til grunn at prosjektet skal gå i balanse med ei utgiftsramme kr 47.000,- finansiert med tilskot og gåver.

Ein har enno ikkje sikra finansiering, men komitéén arbeider med saka.

Deltenesta er budsjettert i balanse.

2.2.2 Trusopplæring

Denne deltenesta er vanskeleg å budsjettere, grunna situasjonen med vakanse i pedagogstillinga. Om ein lukkast med tilsetting i stillinga i løpet av året veit ein når vedkommande startar opp, eller kva lønnplassering ein må legge til grunn.

I budsjettforslaget er lagt inn grunnkostnaden for kyrkjelydspedagog i 50% stilling i eit halvt år. I tillegg er lagt inn 5% stillingsdel inntil vidare for ekstrahjelp til å ivareta administrative oppgåver knyttta til trusopplæringa.

Andre utgifter til trusopplæringa (i all hovudsak aktivitetar, materiell og transport) er i forslaget sett til kr 156.000,-.

Det er lagt til grunn at ein ikkje får nedtrekk i 2024 i tilskotsmidlar frå rettssubjektet Dnk (kr 373.000,-). Vidare delfinansiering av tenesta med deltakarbetaling, gåvemidlar, fast givarteneste og kyrkjeofringar er sett til kr 68.000,-.

Total gir dette eit mindreforbruk på tenesta på kr 90.000,- som er føreslege avsett til bunde trusopplæringsfond til seinare bruk.

2.2.3 Kyrkjeblad

Det er teke utgangspunkt i 3 utgåver av kyrkjebladet i 2024, som tidlegare vedteke, med kostnad på omkring kr 67.000,- ekskl. MVA. Dette vert finansiert med bladpengar, annonsar og kyrkjeofringar og budsjettert i balanse.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner kyrkjeverja sitt forslag til driftsbudsjett 2024.
2. Askvoll sokneråd godkjenner kyrkjeverja sitt forslag til investeringsbudsjett 2024.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner kyrkjeverja sitt forslag til driftsbudsjett 2024.
2. Askvoll sokneråd godkjenner kyrkjeverja sitt forslag til investeringsbudsjett 2024.

SR 2024/5 Val av trusopplæringsutval

UTGREIING

Viser til sak SR 2023/59, der ein skulle komme tilbake til oppnemning av trusopplæringsutval for Askvoll sokneråd for perioden 2024-2027 i neste møte, fordi ein ikkje hadde tilstrekkeleg med kandidatar for oppnemning.

Arnt Johny Langeland har spurt følgjande personar, som seier seg villig til å vere med i utvalet:

-Lillian Gjervik Oddekalv, Atløy

-Karen Espedal, Holmedal

-Stine Solheim Rørvik, Askvoll

-Gunn Torill Fedøy, Bulandet

Frå før har Langeland sagt seg villig til å halde fram

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel følgjande personar som medlemmer i trusopplæringsutvalet for inneverande soknerådsperiode:

-Lillian Gjervik Oddekalv, Atløy

-Karen Espedal, Holmedal

-Stine Solheim Rørvik, Askvoll

-Gunn Torill Fedøy, Bulandet

-Arnt Johny Langeland, Askvoll

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vel følgjande personar som medlemmer i trusopplæringsutvalet for inneverande soknerådsperiode:

-Lillian Gjervik Oddekalv, Atløy

-Karen Espedal, Holmedal

-Stine Solheim Rørvik, Askvoll

-Gunn Torill Fedøy, Bulandet

-Arnt Johny Langeland, Askvoll